




Lom  
nasjonalpark-  
landsby



# Lom

Eigarskapsmelding  
Lom kommune  
2018

## Eigarskap, selskapsstyring og interkommunalt samarbeid i Lom kommune

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og interkommunale samarbeid. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller delta i selskap og samarbeid. Vidare å få etablert prinsipp og retningslinjer for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa og samarbeida.

Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon skriv i rapporten Regionale samarbeid – Har politikarane styringa?: «Lom kommune har flytta ein omfattande del av si verksemd til interkommunale samarbeid. Av dei 42 formelle samarbeida

(selskap inkludert) er om lag 30 plassert i Norddalen. Tek vi med dei uformelle kjem vi fort opp i 60 samarbeid. Den norske gjennomsnittskommunen deltek i elleve samarbeid. Det kan tyde på at politikarar og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen både har tillit til sine nabokommunar og i tillegg er svært positive til samarbeidsløysingar.»<sup>1</sup>

Eigarskapsmeldinga syner kva selskap og samarbeid kommunen er involvert i, kva føremål og strategi kommunen har og kva politisk og juridisk styringsgrunnlag det er for dei ulike samarbeidsformene.

## Innhald

### Del I Eigarskap og selskapsstyring

1.1 Innleiing .....	3
1.2 Selskapsformer i kommunal sektor.....	3
1.3 Retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap.....	6
1.4 Styremedlemmar sitt personlege ansvar .....	8

### Del II Selskapsoversyn

2.1 Interkomm. selskap og samarb. etter komm.lova §27-28 og lov om interkomm. selskap...	9
2.2 Aksjeselskap.....	10
2.3 Andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.....	10
2.4 Status aksjar og andelar.....	11
2.5 Uformelle samarbeid. Rådmannsutvalet og 6k samarbeida.....	14

<sup>1</sup>Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon: Regionale samarbeid – Har politikarane styringa?, s. 22

## Del I Eigarskap og selskapsstyring

### 1.1 Innleiing

#### **Bakgrunn for eigarskapsmeldinga**

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale samarbeid, selskap og føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta i selskap og samarbeid. Meldinga skal gi kommunestyret oversikt over den aktivitet dei er ansvarlege for, og vere grunnlag for ein årleg gjennomgang og debatt av kommunen sin strategi i interkommunale samarbeid og selskap. Vidare skal meldinga etablere nokre prinsipp og retningslinjer for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer. Det må i tillegg vera reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa og samarbeida.

Kommunen har òg eit kontroll- og tilsynsansvar overfor eigarinteressene i selskap.

Det er reglar om selskapskontroll i kommunelova som gir kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for dei ulike selskapa og samarbeida. Eigar sine forventningar og strategiar vert eit utgangspunkt for selskapskontrollen og for

behandling av selskapet si drift og resultat.

Det vert tilrådd ei ordning med årleg behandling av eigarskapsmeldinga i kommunestyret. Ei slik ordning vil utvikle kommunen som eigar og klargjera rolledelinga mellom eigar og selskap.

Selskapa og dei interkommunale samarbeida sine strategiske mål vert i stor grad utforma av styra. Difor er det viktig at kommunestyret i Lom overfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar. Styret si oppgåve vert å vidareutvikla strategien og å arbeida for å realisera selskapa sine mål.

#### **Oppbygginga av eigarskapsmeldinga**

Meldinga har to deler. Del I presenterer aktuelle selskapsformer og samarbeid kommunen kan delta i. Vidare tar meldinga opp felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskaps- og samarbeidsformene. I tillegg kjem reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. Del II i meldinga omtalar dei fleste selskap der Lom kommune er heil- eller deleigar, interkommunale samarbeid, samt rådmannsutvalet og dei viktigaste uformelle 6k-samarbeida kommunen deltek i.

### 1.2 Selskapsformer i kommunal sektor

#### **Aktuelle selskapsformer**

Kommunane har ulike motiv for å oppretta eit selskap eller gå inn i interkommunale samarbeid. Det er òg stor fridom til å organisera tenestene slik ein finn det føremålstenleg, enten som del av kommunen som juridisk person eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt.

I hovudsak er det fem organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd.

#### *Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27:*

To eller fleire kommunar kan opprette eit eiga styre for å løyse felles oppgåver. Styret er det øvste organet for samarbeidet. I følge lova kan kommunen delegera mynde til eit § 27-styre når det gjeld oppgåver som har med drift og organisering å gjere. Det einskilde kommunestyret kan ikkje instruere styret, men må styre gjennom representantane sine. Om samarbeidet skal ha en eigen administrasjon er opp til deltakarkommunane å bestemme. Det er ikkje anledning til å delegera oppgåver som har det utøving av offentleg mynde til eit §-27 samarbeid. Lom kommune deltek i 8 § 27-samarbeid.

#### *Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28:*

Når det gjeld kommunens fridom til å velje organisasjonsform for interkommunalt samarbeid går det eit prinsipielt hovudskilje mellom samarbeidsområde som innbefattar utøving av offentleg mynde – slik det er definert i forvaltningslova § 2, og anna verksemd. Ein kommune kan overlata utføringa av lovpålagte oppgåver til ein vertskommune. Vertskommunemodellen etter kommunelova § 28 tilbyr ein hensiktsmessig lovregulering av interkommunalt samarbeid om dei lovpålagte og meir individretta tenestene. Lom kommune deltek i 14 § 28-samarbeid.

#### *Kommunale føretak etter kommunelova kapittel 11:*

Kommunestyret kan treffe vedtak om danning av kommunalt føretak. Kommunestyret skal òg velje styre og fastsette vedtekter for føretaket. Lom kommune har ikkje danna kommunale føretak etter kommunelova kap. 11.


*Interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap:*

Denne selskapsforma er utvikla for samarbeidsområde av meir forretningsmessig preg. På same måten som for interkommunale samarbeid etter § 27 i kommunelova, så kan ikkje staten eller private vere deltakarar i slike selskap. Denne selskapsforma er regulert i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 (IKS-loven). Lova stiller krav til at deltakarane må inngå ein selskapsavtale. Den er det rettslege grunnlaget for samarbeidet mellom kommunane. Ein slik avtale skal opprettast når samarbeidet blir etablert, og gjeld både som stiftingsdokument og vedtekter for selskapet. Lom kommune er medeigar i to interkommunale selskap.

*Aksjeselskap etter lov om aksjeselskap:*

Aksjeselskapsforma er utvikla for verksemd med økonomiske føremål. Modellen er i utgangspunktet mynta på private, men kommunar kan òg ta den i bruk. Kommunar kan delta i eit aksjeselskap saman med andre offentlege rettssubjekt og/eller private. Selskapsforma er regulert i lov av 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskap. Selskap som er organisert etter aksjelova, skal ha generalforsamling, styre og dagleg leiar. Generalforsamlinga er det øvste organet for aksjeselskapet, styret er underordna generalforsamlinga og dagleg leiar er underordna styret. Lom kommune er medeigar i 11 aksjeselskap.

I tillegg til dei selskaps- og samarbeidsformene som er nemnd over er Lom kommune medeigar i eit gjensidig selskap, tre stiftingar og eit ansvarleg selskap.

**Eigarstrategi og selskapsform**

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk.

Ein god eigarstrategi for Lom kommune vil medverka til å klargjera kva kommunen ønskjer med selskapa og samarbeida. Ei grundig vurdering og evaluering av føremåla gjer det lettare å vurdera selskapa sine økonomiske og samfunnsmessige resultat, det gir betre informasjon om kostnader og vinst med kommunen sitt eigarskap, og det medverkar positivt til å gjera kommunale organ betre skikka til å utøva eigarskap i selskap.

Systemet i lovverket er innretta slik at dei frivillige oppgåvene, og oppgåver av meir drifts- og forretningsmessig preg, gjev lovverket stor grad av fridom i organiseringa. Mange av desse oppgåvene er i liten grad regelstyrt. Kommunen er sjølvsgat bunden av privatrettslege reglar som gjeld for alle rettssubjekt. Kommunen må på desse områda sjølv vurdere ut frå samarbeidsområdet kva for organisasjonsmodell som er best egna. I ein slik vurdering vil òg graden av folkevald styring og kontroll med det konkrete samarbeidsområde vere eit sentralt vurderingstema.

Ønskjer kommunen å inngå eit formelt samarbeid med private, er det ikkje mogleg å bruke interkommunale selskap eller § 27-samarbeid. Da er det berre aksjeselskapsforma som er egna.

Skal kommunane samarbeide om administrative støttetjenester, kan avtalar mellom kommunane vere tilstrekkeleg. Ønskjer kommunane ein meir formalisert organisasjonsmodell kan § 27-samarbeid vere ein aktuell modell. For samarbeid om drift og organisering av tenesteyting eller sørvis kan både § 27-samarbeid og interkommunale selskap vere egna modeller. Når kommunar skal samarbeide på områder der dei utøver offentleg mynde påbyr kommunelova at samarbeidet organiseras etter kommunelova § 28, vertskommunemodellen.

Figuren over viser dei ulike modellane for samarbeid ein kommune kan delta i, og korleis aukande grad av sjølvstende for samarbeidsorgana fører til redusert politisk kontroll.

### **Fem motiv etter kva ein ynskjer av selskapa:**

I kommunale eigarskapsmeldingar vert gjerne eigarskapen gruppert etter kommunen sitt motiv og mål med det einskilde selskap. Motiv og mål med selskapet får følgje for korleis eigarstyringa bør innrettast. Målet er ikkje statisk, men kan endra seg over tid.

#### *Finansielt motivert*

Selskap kor motiv og hovudgrunngevinga er økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Formålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterier for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

#### *Politisk motivert*

Selskapet er motivert og hovudgrunngevinga for eigarskapen er eit strategisk val av å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne kategori eigarskap.

#### *Effektivisering av tenesteproduksjonen*

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

#### *Samfunnsøkonomisk motivert*

Selskap som er motivert og grunngeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

#### *Regionalpolitisk posisjonering*

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan òg posisjonering for å utløysa statlege midlar/prioriteringar vera ein del av grunngevinga.

Når Lom kommune i framtida vurderer selskapsetablering eller deltaking i selskap eller samarbeid, så bør føremålet relaterast til eit eller fleire av dei refererte motiva. Som regel vil det vera fleire motiv som ligg bak oppretting eller deltaking i eit selskap.

### **Vurdering og val av selskapsform - konsekvens for eigarstyringa**

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform, så fram det ikkje følgjer avgrensingar i lover og forskrifter for oppgåveområdet. Når vedtak om val av selskapsform er gjort, så må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsforma.

#### *Styring av interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27*

- Styringsreidskapen er i fyrste rekke samarbeidsavtalar og vedtekter
- Kommunestyret kan instruere sin styrerepresentant i enkeltsaker
- Kommunestyret legg økonomiske rammer i økonomiplan og budsjettvedtak
- Styret har mynde til å drifte og organisere samarbeidet
- Kommunestyret mistar direkte instruksjonsmynde og rett til gjera om vedtak

#### *Styring av interkommunale samarbeid etter kommunelova § 28*

- Administrasjonssjefen i vertskommunen har mynde til å drifte og organisere samarbeidet
- Samarbeidskommunane kan opprette felles styre eller nemnd
- Kommunestyret legg økonomiske rammer i økonomiplan og budsjettvedtak
- Kommunestyret mistar direkte instruksjonsmynde og rett til gjera om vedtak
- Kommunen er ansvarleg for handlingar som gjeld kommunen sine innbyggjarar

#### *Styring av interkommunale selskap*

- For IKS heftar kommunen ubegrensa for sin eigardel
- Kommunestyret vel representant til representantskapet, som saman med eigarrepresentantar frå andre deltakarar vel styre

#### *Styring av aksjeselskap*

- For AS heftar kommunen for sin del av aksjekapitalen
- Kommunestyret vel representant til generalforsamlinga, som saman med dei andre eigarrepresentantane peiker ut styre

#### *Styring av stiftingar*

- Stiftingar er sjølv eigande
- Kommunen sin medverknad er vedtektsstyrt
- Det er ikkje tilrådd for ein kommune å organisere sin verksemd i stifting, da kommunen mistar eigedomsretten og kontrollen i det stiftinga blir oppretta

### **Eigarmøte**

IKS, aksjeselskap og selskap organisert som samvirkeselskap bør ha eigarmøte med jamne mellomrom, der føremålet er å sikre god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. Her kan eigarane diskutere strategiar utan å treffe formelle avgjerder.

Eigarmøta er uformelle møte, der det ikkje er anledning til å gripe inn i styret sitt ansvarsområde og avgjerder. Styremedlemmane står juridisk ansvarleg for drifta av selskapet.

## 1.3 Retningslinjer for eigarskap, leiging og kontroll av selskap

### God folkevald styring

Kommunestyret har det overordna ansvaret, sjølv om verksemda er etablert i eit selskap. Det er likevel viktig å skilje mellom kommunestyret sitt ansvar og styra sitt juridiske ansvar for drifta av selskapa.

Kva er god folkevald styring?

- *Påliteleg styre* sikrar likebehandling, redeleg politisk arbeid og respekt for reglar. Dette handlar om politisk omdøme. Det handlar om at innbyggerane må ha tillit til kommunale organ og deira avgjerder.
- *Ansvarleg styre* sikrar oversiktleg politikk og informasjon til innbyggerane, slik at dei kan ha kontroll med dei folkevalde.
- *Borgarnært styre* arbeider for å skape interesse og engasjement hjå innbyggerane gjennom høyringar og deltaking i debattar.
- *Effektivt styre*. Folkevalde har god styring, og leverer resultat. Det er ryddige forhold mellom politikk og administrasjon, i den politiske styringa av denne.

Med utgangspunkt i KS Eierforum sine 21 råd om eigarskap så vert det i dette kapitlet gjennomgått prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast til grunn for Lom kommune sin eigarskapspolitikk.<sup>2</sup> (Det er ikkje samsvar i nummereringa nedanfor og nummereringa i KS Eierforum sine 21 råd).

#### *Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde*

Lom kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si årlege behandling av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll. Opplæringa bør skje i løpet av dei fyrste 6 månadene av valperioden, og med oppfølging etter 2 år.

#### *Nr. 2 Utarbeiding av eigarskapsmelding*

Lom kommune vil utarbeida ei eigarskapsmelding etter KS Eierforum sine råd. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader. Eigarskapsmeldinga skal evaluerast årleg av kommunestyret, seinast innan 1. oktober. I samband med den årlege behandlinga av meldinga vert det lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet. Kommunen sine representantar i dei ulike selskapa må orienterast om eventuelle endringar.

#### *Nr. 3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter*

Lom kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Eigarstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtala/ vedtektene. Innan rammene av selskapsavtala/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemd. Formålet med selskapa vert vurder med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

#### *Nr. 4 Vurderingar og val av selskapsform*

Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva og konkurranseregulverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, så bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemd som krev eigarstyring.

Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, så skal følgjande tilhøve vera vurdert i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet

Behovet for direkte og reell politisk styring

- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i hovudselskapet.
- Risikovurdering; gjeld m.a. økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing m.o.t. delegasjon av mynde
- Forvaltningslova/offentlegheitslova
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Offentlege innkjøpsreglar
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tilknytning til arbeidsgjevarorganisasjon

#### *Nr. 5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd*

Lom kommune som eigar skal gjera ei særleg vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogeleg grad leggja til grunn at selskap og verksemdar som dette er aktuelt for skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering.

#### *Nr. 6 Innsynsrett og kontroll i delvis eigde selskap*

Kommunestyret ber om at eigarrepresentantane frå Lom kommune på generalforsamling i selskap der kommunen er ein betydeleg eigar, der det fins private aksjonærar og der føremålet med kommunen sitt eigarskap er politisk motivert, foreslår vedtektsendringar som gjev kommunen sitt kontrollutval og revisor innsynsrett.

<sup>2</sup> Kommunenes sentralforbund: *Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*

*Nr. 7 Eigarorgan og funksjon*

Lom kommune vil i hovudsak bygge på etablert praksis, det vil sei at:

- Politisk leiing som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant(ar) i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønske og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som ho/han gjev fullmakt, representere kommunen
- Selskapa der kommunen har eit uttrykt ønskje og behov for det, rapporterer periodisk til formannskapet
- Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommunen og selskap, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen mellom formelle eigarmøte.
- Det politiske organet som har desse sakene til behandling (kommunestyret, formannskapet eller komite), gir styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera denne.
- Kommunen sin valnemnd gjer framlegg om kandidatar til styreverv. Kommunestyret gjer den endelege oppnemninga.

*Nr. 8 Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor*

Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.

Styret skal sikre og representerer selskapet sitt behov, og bør ha forskjellige og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet opererer innan.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er nødvendig for å følgje opp eigar sine forventningar. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert om naudsynt gitt tilbod om opplæring.

Styreverv i eit selskap er eit personleg verv. Styremedlemmane skal kun ta i vare selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane. Ein representerer korkje eit politisk parti, kommunen eller andre interessentar, men tek i vare selskapet sine interesser og eigarane kollektivt, på best mogleg måte, ut frå selskapet sitt føremål og innan lova sine rammer.

*Nr. 9 Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte**Aksjeselskap*

For aksjeselskap er generalforsamlinga det formelle eigarmøte. Det er styret som kallar inn til generalforsamling.

Frå kommunen sin side er det viktig å fremme forslag om at innkallingsfrist blir teke inn i vedtektene, slik at ein kan sikre nødvendig tid til behandling av aktuelle saker i kommunen sine politiske organ.

Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Andre styremedlemmar har rett til å kunne møte, men har ikkje plikt. Revisor har rett til å vera til stades, og har plikt når sakene gjer dette naudsynt.

*Interkommunale selskap - IKS*

For interkommunale selskap er representantskapsmøte det øvste organ. Det er styre som kallar inn til representantskapsmøte.

Frå kommunen sin side er det viktig å fremme forslag om at innkallingsfrist blir teke inn i vedtektene, slik at ein kan sikre nødvendig tid til behandling av aktuelle saker i kommunen sine politiske organ.

Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vera til stades på representantskapsmøta. Dette gjeld ikkje for revisor, men det blir anbefalt at ein fylgjer reglane i aksjelova på dette punktet.

Representantskapet skal fastsette budsjett, økonomiplan og rekneskap. Vedtak om pantsetting av fast eigedom eller andre større investeringar er lagt til representantskapet.

*Nr. 10 Valnemnd for utnemning av styre*

Valnemnda i Lom kommune skal som hovudregel innstille på Lom kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med naudsynt kompetanse til å leie selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetninga av styre bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og bør veljast ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sitt eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra.

*Nr. 11 Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra*

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sikra at styrearbeidet fungerer godt og at styret har naudsynte rutinar for sitt arbeid i høve selskapet si verksemd og storleik.

Styreleiar er ansvarleg for at den samla kompetansen i styret vert nytta effektivt, og at kompetanse blant styremedlemene vert utvikla, jamfør KS Eierforum sine råd. Som ein generell regel skal alle styremedlemmene ha høve til opplæring i styrearbeid.

Styret skal i si årsmelding gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing.

*Nr. 12 Styresamansetjing i konsernmodell*

Styremedlemmane i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i dotterselskapa sine styre. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre, så bør det vera «ledelsesmessig» og funksjonelt skilje mellom selskapa for å unngå ugildskap og rolleblending i tilbudsprosessar.

*Nr. 13 Oppnemning av vararepresentantar*

Lom kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse

*Nr. 14 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra*

For å unngå situasjonar der styret sine medlemmar ofte vert vurdert i høve forvaltningslova sine reglar om habilitet, så skal som hovudregel leiande politikarar ikkje sitja i selskapsstyra. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt føremål, og valnemnda skal i si innstilling særleg vurdere mogelege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova.

*Nr. 15 Kjønnrepresentasjon i styra*

Lom kommune vil uavhengig av selskapsform arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i styra.

*Nr. 16 Godtgjersler til styremedlemmer*

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjerast særskilt i høve styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske ansvaret.

*Nr. 17 Registrering av styreverv*

Alle som tek på seg verv for Lom kommune, skal registrere verva sine på [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no).

*Nr. 18 Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon*

Det blir anbefalt at IKS, AS og SA melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon. For IKS vil KS kunne vera ein naturleg organisasjon.

*Nr. 19 Etske retningslinjer*

Som eigar eller medeigar av eit selskap, bør ein sikre at styra utarbeider etske retningslinjer for selskapsdrifta.

## 1.4 Styreansvar – personleg ansvar for feil eller unnlatingar styret har gjort.

Etter gjeldande rett er det slik at eit styremedlem kan bli ansvarleg for heile sin personlege formue for feil eller unnlatingar styret har gjort. Eit slikt styreansvar er eit individuelt ansvar for kvart einskild styremedlem.

Lovgjevar har nytta styreansvar som verkemiddel for å ivareta omsynet til selskapskapitalen.

*Nr. 20 Administrasjonssjefen sin rolle i kommunale foretak*

Kommunale foretak er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av kommunen.

Styret er direkte underordna kommunestyret, men har ein sjølvstendig stilling samanlikna med kommunen elles. Dagleg leiar av eit kommunalt foretak, er direkte under styre, og administrasjonssjefen i kommunen har ikkje instruksjonsmynde overfor dagleg leiar av foretaket. Administrasjonssjefen kan like vel instruere dagleg leiar om å vente med gjennomføring av eit vedtak, til det er behandla i kommunestyret. I slike tilfelle har administrasjonssjefen rette til å uttale seg før styret i foretaket gjer vedtak. Administrasjonssjefen kan ikkje veljast til eit styre i eit kommunalt foretak.

*Nr. 21 Tilsyn og kontroll*

Kommunestyret har både eit tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir fulgt og at ein fylgjer etiske reglar.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll. Det er kommunestyret som vedtek planen. Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og om resultat av desse.

I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eig alle aksjane og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin dagleg leiar, styret og ekstern revisor.

Ein årleg gjennomgang av eigarskapsmeldinga i kommunestyret i same møte som kontrollutvalet legg fram sin rapport vil gje eit godt og samla informasjonsgrunnlag for kommunestyret, og medverka til ei meir effektiv forvaltning og kontroll med selskapa.

**Offentleglova**

Offentleglova har med verknad frå 1. januar 2008 fått eit utvida verkeområde. Verksemdar med over 50 prosent offentleg eigardel vert omfatta av lova sine vilkår. Unnateke er selskap som driv verksemd i konkurranse med andre.

Det er tre grunnvilkår som må vera oppfylt for at det skal kunne liggje føre styreansvar:

1. For det første må det liggje føre ein adekvat årsakssammenheng mellom den skadevoldande handling og skadelidte sitt tap.
2. Det kan liggje føre ansvarsgrunnlag for eit styremedlem dersom styremedlemmen har handla forsettleg eller aktaust, jf. blant anna aksjelova § 17-1- Denne skyldvurderinga kan i grove trekk delast inn i



to hovudelement: ein subjektiv og ein objektiv del. Den objektive delen går på om styremedlemmen har handla i strid med nokre av pliktreglane dei må følgja. Den subjektive delen går på om styremedlemmen har utvisk skyld ved brot på ein slik pliktregel.

3. Det vert gjort ei konkret vurdering for kvart einskild syremedlem i vurderinga av om det ligg føre styreansvar. Ettersom styreansvar er eit individuelt ansvar. Dersom fleire styremedlem er ansvarleg for same skade, vil dei likevel hefte solidarisk for det økonomiske tapet.

Etter aksjelova § 17-1 er det selskapet, aksjeeigarane eller andre som kan gjere styreansvar gjeldande. Andre vil blant anna kunne vera selskapet sine kreditorar, andre kontrakts-motpartar eller offentlege myndigheiter.

Ein ser i aukande grad ein tendens til at eit aksjeselskap sine

kreditorar og kontraktsmotpartar gjer styreansvar gjeldande. Det ligg føre visse særreglar for når andre enn selskapet sjølv gjer styreansvar gjeldande, som ikkje vil bli omtalt nærare her.

I ljøs av det personlege ansvaret som følgjer med eit styreverv, bør ein tenkje seg godt om før ein tek på seg eit slikt verv. Ein bør blant anna vurdere om ein er kompetent nok til å sitte i eit styre, om ein har tilstrekkeleg med tid til å sitte i eit styre og kva godtgjersle ein vil få. Ein bør òg sjekke om selskapet har styreansvarsforsikring, eventuelt krevje slik ansvarsforsikring, og gjennomgå denne. I tillegg bør ein krevje skadelausfråsegn frå selskapet, og gjennomgå denne. Skadelausfråsegn inneber at selskapet held styremedlemmen skadeslaus for eventuelle krav vedkommande får mot seg i høve rolla som styremedlem.

## Del II. Selskapsoversyn

### 2. Eigarsskapsformer

#### 2.1 Interkommunale selskap og samarbeid etter kommunelova §§ 27-28 og lov om interkommunale selskap

##### **Interkommunale selskap IKS**

Deltakarane i eit IKS kan vere kommunar, fylkeskommunar og fleire interkommunale selskap. Interkommunale selskap er eigen rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skild frå kommunane. Styret sin øvste mynde ligg hjå representantskapet. Interkommunale selskap skil seg frå interkommunalt samarbeid etter kommunelova §§ 27 og 28, og er heimla i lov om interkommunale selskap.

##### **Lom kommune er medeigar i fylgjande IKS**

- Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS, hovudkontor Dovre
- Gudbrandsdal krisesenter IKS, hovudkontor Lillehammer

##### **Interkommunalt samarbeid (§27)**

Kommunelova § 27 har reglar om samarbeidsavtaler mellom kommunar og/eller fylkeskommunar når samarbeidet er organisert med eiga styre. I utgangspunktet kan interkommunalt samarbeid verta tildelt ei viss sjølvstendig mynde, men avgjersla må avgrensast til avgjersler som vedgår verksemda sin drift og organisering. Viktige saker må derfor takast opp i dei respektive kommunestyra. Det kan likevel i vedtektene regulerast at styret har mynde til å binde deltakarkommunane økonomisk, men berre i ein avgrensa grad. I eit §27 føretak som ikkje er eit eige rettssubjekt, er dei tilsette tilsett i vertskommunen.

##### **Regionrådet Nord-Gudbrandsdal**

Regionrådet er eigd av kommunane Lom, Skjåk, Vågå, Sel, Dovre og Lesja. Regionrådet skal fremme regionen sine interesser gjennom næringsutvikling, samarbeid mellom kommunane og politisk interessearbeid på vegne av regionen. Regionrådet er samansett med tre representantar frå kvar av kommunane, der den eine må vera ordførar. Det er dei kommunale representantane som har røysterett i rådet.

##### **Lom kommune er deltakar i fylgjande §27 –samarbeid**

- Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal Ordførar Bjarne Eiolf Holø, varaordførar Anne-Lise Marstein og Eilev Hellekveen representerer Lom kommune i regionrådet.
- Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon Håkon Øverli med vararepresentant Solveig Storlien representerer Lom kommune i styret.
- Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal – SKNG Magny Hilde (leiar kontrollutvalet) med vararepresentant Synnøve Aukrust representerer Lom kommune i styret.
- Regiondata Administrasjonssjef Ola Helstad representerer Lom kommune i styret.
- IKA opplandene Eigd av Oppland og Hedmark fylkeskommunar og 40 kommunar.
- Lom og Skjåk Brann/Feiarvesen
- Veterinærvakt Lom og Skjåk
- Interkommunalt utval for akutt forureining i Oppland

##### **Vertskommunesamarbeid (§28)**

Når kommunar skal samarbeide på områder der dei utøver offentleg mynde påbyr kommunelova at samarbeidet organiseras etter vertskommune modellen. Eit vertskommunesamarbeid er ikkje eit eige rettssubjekt, men organisatorisk ein del av vertskommunens verksemd.

Kommunelova skil mellom to modellar for vertskommunesamarbeid:

- Administrativt vertskommunesamarbeid
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd

Det er sakene og oppgåvene kommunane ønskjer å samarbeide om som avgjer kva for vertskommunemodell som kan veljast. For kurante saker som i stor grad er regelstyrte, og der det er liten grad av skjønn, vil administrativt vertskommunesamarbeid kunne nyttast. Dersom det skal delegeras til vertskommunen å treffe vedtak i saker av prinsipiell tyding, må vertskommune med felles folkevald nemnd veljast.

### Lom kommune er deltakar i fylgjande § 28-samarbeid

- Regionalt samarbeid ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinsk senter – NGLMS Herunder:
  - Intermediære senger og øyeblikkeleg hjelp
  - Regional legevakt
  - Legevaktvarsling
  - Jordmorvakt
- PP-tenesta for Nord-Gudbrandsdal
- Ottadalen skatteoppkrevjarkontor
- Psykatri Lom og Skjåk kommunar
- IT-samarbeid Lom og Skjåk kommunar
- Skogbrukssjefstilling for Lom-Skjåk-Vågå
- NAV Lom og Skjåk
- Dei gode hjelparane
- Felles tilsynsteneste i byggesak
- Lom og Skjåk barnevernteneste
- Tildelingskontoret Lom og Skjåk
- Arbeidsgjevarkontrollen for Norddalskommunane
- Barne og ungdomsvern

Sel kommune  
 Vågå kommune  
 Lom kommune  
 Skjåk kommune  
 Vågå kommune  
 Skjåk kommune  
 Skjåk kommune  
 Vågå kommune  
 Skjåk kommune  
 Skjåk kommune  
 Vågå kommune  
 Skjåk kommune

## 2.2 Aksjeselskap

Aksjeselskap er regulert i aksjelova. Selskapet er eit eige rettssubjekt, og kan ha ein eller fleire eigarar. Selskapet skal til ei kvar tid ha forsvarleg eigenkapital. Deltakarane er ikkje ansvarlege for selskapet sine plikter, med mindre dette er særskilt avtala.

Forvaltning av selskapet høyrer under styret. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av verksemda, og skal sjølv tilsette dagleg leiar. Styret skal utøve den overordna forvaltninga av selskapet og kontrollere dagleg leiar. Dagleg leiar skal ta i vare den daglege leiinga og rapportere til styret. Dagleg leiar skal sjå til at rekneskap er i samsvar med lover og forskrifter, og at forvaltning av formue blir gjort på ein trygg måte. Styret skal i naudsynt utstrekning fastsette planer og budsjetter for verksemda.

### Lom kommune er medeigar i fylgjande AS

- AS Eidefoss
- Gudbrandsdal Industrier AS
- Gudbrandsdalsmusea AS
- Gudbrandsdal Lufthavn AS
- Kompetanse-, universitets- og forskningsfondet Innlandet AS
- Midtgard AS
- Skjolden Næringsbygg AS
- Klimapark 2469 AS
- Kommunekraft AS
- Det Norske Teatret

## 2.3. Andre selskap Lom kommune har eigarinteresser i

### Gjensidige selskap

Gjensidig selskap er ei offentleg selskaps-/organisasjonsform som ofte vert brukt ved organisering av forsikringsselskap. Selskapsforma inneber at forsikringstakarane dannar og eig selskapet, og at forsikringseltakarane deler risikoen selskapet har teke på seg. (kunde og eigargruppe er samanfallande).

### Lom kommune er medeigar i fylgjande GS

- Kommunal Landspensjonskasse

### Stiftingar

Stiftingar vert ofte brukt til verksemdar av ikkje økonomisk karakter, særleg med sosialt eller kulturelt føremål. Kommunar kan åleine, eller saman med andre, opprette stiftingar. Stiftingar er eigne rettssubjekt, men har ingen eigar. Stiftingar eig seg sjølv. Kommunen har derfor ingen styringsrett over stiftinga, og kan ikkje hente ut midlar frå stiftinga. Stiftingar vert leida av eit eige styre, som er vald av rådet.

### Lom kommune er medlem i fylgjande stiftingar:

- Norsk kulturarv
- Lom friviljugsentral
- Norsk Fjellmuseum

### Ansvarleg selskap (ANS)

I eit ANS har alle deltakarane eit personleg ansvar for heile gjelda. Det ein deltakar ikkje kan betale, kan krevjast heilt og fullt frå kven som helst av dei andre.

Lom kommune er medeigar i fylgjande selskap

- Lom Tamreinlag ANS
- Lom Tamreinlag måtte finne ny organisasjonsform da det kom krav om at organisasjonsformane BA og andelslag forsvann. I ansvarlege selskap har den einskilde eigar fullt ansvar for heile gjelda til selskapet, og lov om ansvarlege selskap set i § 1-1 nr. 5 forbod mot kommunar å vere deltakar. Lom kommune har vurdert problemet, men valde å fortsette å vere medlem i Tamreinlaget da laget vedtok at det ville organisere seg som eit ANS.

## 2.4 Status Aksjar og andelar i varig eige pr. 31.12.2016

Namn på selskapet	Eigardel	Balanseført verdi 31.12.2016	Balanseført verdi 31.12.2015
Gudbrandsdal Lufthamn AS		127 500	127 500
Eidefoss AS		2 400 000	2 400 000
Midtgard AS	50%	1 410 000	1 410 000
Jotunheimen Reiselivslag AS		-	11 000
Skjolden Næringsbygg AS		100 000	100 000
K o m m u n e k r a f t		1 000	1 000
Det Norske Teatret		1	1
Gudbrandsdal Industrier AS	6,9%	541 000	541 000
Gudbrandsdalsmusea AS	12%	36 000	36 000
KLP - eigekapitalinnskot		6 558 885	5 871 113
Stiftelsen Norsk Kulturarv	4%	50 000	50 000
Lom Tamreinlag ANS	5,62%	60 000	60 000
NGR - Renovasjonsselskap	12,46%	88 400	88 400
KUF fondet – Kompetanse-, Universitets- og Forskings- fond for Oppland AS		26 128	26 128
Klimapark-2469		165 000	165 000
<b>SUM</b>		<b>11 563 914</b>	<b>10 887 142</b>

## Oversikt over utvalde selskap

## Eidefoss AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Sjølvstendig selskap i Nord-Gudbrandsdal som gjev stor regional verdiskaping og godt utbyte til eigarane. Utbyttet er selskapet sitt viktigaste bidrag attende til lokalsamfunnet. Selskapet skal i størst mogleg grad utvikle og behalde lokal kompetanse og sterk, regional identitet. Selskapet skal ha høg forsyningsikkerheit.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Utbygge kraftverk, produsere, kjøpe og selje elektrisk energi, eller på anna måte utnytte selskapet sine eigedomar og forretningsmoglegheiter.
<b>Eigarar</b>	Eigarar: Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar. Med 20% kvar. Styremedlem Grete Sjugard med vararepresentant Jo Trygve Lyngved i styret. Ordførarane utgjer generalforsamlinga.

## Midtgard AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Å byggje og forvalte eigedomen Midtgard I og II.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Utleige av eigen eller leigd fast eigedom.
<b>Eigarar</b>	Lom kommune og Sparebank 1 Lom og Skjåk

## Gudbrandsdal Lufthamn AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Utvikling og styrking av luftfarts- og jarnbanetilbodet til og frå Nord- Gudbrandsdalen.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Interesseorganisasjon/samferdsel
<b>Vedtak i kommunestyret</b>	I kommunestyresak 74/2016 den 15.12.2016 vart det gjort dette vedtaket: «Lom kommune går inn for å avvikle Gudbrandsdal Lufthavn AS.»

## Gudbrandsdalsmusea AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Gudbrandsdalsmusea AS er eit konsolidert museum for Gudbrandsdalen, og er etablert ut frå ei felles målsetting om å drive og utvikle einingane ved Gudbrandsdalsmusea AS. Museet skal vere ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap mellom fortid, nåtid og framtid i. Museet skal vidareutvikle sin kompetanse på natur- og kulturhistorie og vere aktiv i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv. Museet kan ta på seg oppgåver for andre som ligg innanfor museets føremål. Selskapet skal vere eit non profit selskap. Eventuelt driftsoverskott skal først attende til driftsselskapet.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Driftsselskap for museale einingar i Midt- og Nord- Gudbrandsdal.
<b>Eigarar</b>	Lom, Skjåk, Vågå, Sel, Dovre, Lesja, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Lesja Bygdamuseum, Lom Bygdamuseum, Jutulheimen Bygdamuseum, Stiftinga Norsk Fjellmuseum, Senter for Bygdekultur v/Stiftelsen Norsk Kulturarv, Stiftelsen Gudbrandsdal Krigsminnesamling, Dal-Gudbrandsgard v/Sør-Fron kommune og stiftelsen Ringebu Prestegard. Bård Hanem sit i styret i dag.

## Klimapark 2469 AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Skal gjennom tilbod som er fagleg forankra og tilrettelagt for eit bredt publikum, formidle opplevingar av og innsikt i pågåande klimaprosesser og samspelet mellom natur og menneske i eit langtidsperspektiv. Formidlinga skal skape interesse og forståing for kva klimaendringa inneber og den betydning dei har for samspelet mellom natur og kultur i eit langsiktig perspektiv. Hovedarenaer skal vere klimaparken på Juvflya innunder Galdhøpiggen, Norsk Fjellmuseum i Lom og web-baserte løysningar.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Museum/vitensenter. Formidlingsarena for forskingsbasert kunnskap om klima og klimaprosessar. Opplegg for skuleklassar. Naturbasert reiseliv.
<b>Eigarar</b>	Lom kommune, Stiftinga Norsk Fjellmuseum og Oppland fylkeskommune

## Stiftinga Norsk Fjellmuseum

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Norsk Fjellmuseum skal arbeide for å verne kultur- og naturverdiar i fjellområda gjennom innsamling, dokumentasjon, forskning, formidling og informasjon. Museet skal vere eit informasjonssenter for nasjonalparkane og andre anlegg og samlingar knytt til livet i fjellet. Museet skal vere ein stad for oppleving, læring og allmenn kulturell verksemd, med særlig vekt på samspelet i naturen og mellom menneske og natur.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Museum, besøksenter nasjonalpark, forvaltingsknutepunkt
<b>Stiftarar</b>	Lom kommune, Høgskolen i Lillehammer, Universitetet i Bergen, Norsk Botanisk Forening, Den Norske Turistforening, Norges Naturvernforbund, Norges Fjellstyresamband, Statskog Øst-Norge, Norsk Tindeklub, Norges Vassdrags- og Energiverk, Norges Jeger- og Fiskeforbund, Landbrukssamvirkets Felleskontor, Norges Almenningsforbund Ordførar med varaordførar som vara i representantskapet.

## Gudbrandsdal industrier AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	Bedrifta leverer attføringstenester i hovudsak til NAV, og hovudtenestene er å gje arbeidssøkjande med bistandsbehov tilbod om avklaring, kvalifisering/arbeidspraksis og tilrettelagt arbeid. GIAX er lokalisert med hovudkontor i Ringebu, og avdelingskontor i Otta.
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Attføringstenester
<b>Vedtak i kommunestyret</b>	I kommunestyresak nr. 9/2017 den 30.3.2017 vart fylgjande vedteke: «Lom kommune ynskjer ikkje å kjøpe aksjer i Gudbrandsdal Industrier AS. Lom kommune er opne for å selja nåverande aksjar i selskapet. Formannskapet blir gjeve fullmakt til å gjera vedtak om heilt eller delvis sal av våre aksjar i Gudbrandsdal Industrier AS.»
<b>Eigarar</b>	Lom, Skjåk, Vågå, Sel, Dovre, Lesja, Sør-Fron, Nord-Fron og Ringebu kommunar. Oppland fylkeskommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Gjensidige forsikring, Sparebank 1 Gudbrandsdal og Ivar A Nordrum.

## KUF fondet – Kompetanse-, Universitets- og Forskningsfond for Oppland AS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	<p>Selskapet sitt føremål er å bidra til kompetanseheving for sikring og utvikling av trygge og gode bo- og arbeidsplassar i Oppland, herunder bidra til å styrke høgskulane i Oppland sin posisjon for å kvalifisere seg til universitetsstatus.</p> <p>Det skal leggjast vekt på samarbeid mellom høgskulane i Oppland og andre sentrale eller regionale aktørar for å:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Etablere og/eller vidareutvikle doktorgradsutdanningar i Oppland</li> <li>2. Vidareutvikle mastergradsutdanningar</li> <li>3. Etablere og kvalifisere seg til nasjonalt og internasjonalt leiande forskings- og kompetansemiljø</li> <li>4. Satsinga må ha ein klar strategi for å være sjølvgåande eller ha tilgang på andre finansieringskjelder etter fondet sitt engasjement. <p>Føresetnader for utbetaling av midlar frå fondet er at det ligg føre ein avtale mellom høgskulane og eventuelle andre aktørar om å arbeide med konkrete utviklingsprosjekt. Dette samarbeidet skal danne grunnlaget for ein struktur som på sikt kan verkeleggjere universitetsambisjonane. Selskapet kan ikkje yte støtte til ordinær drift av forskings- og undervisningsinstitusjonar. Selskapet sin eigenkapital kan også nyttast til selskapet sitt føremål. Selskapet har ikkje erverv som føremål, og utbytte kan ikkje utdelast.</p> </li></ol>
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Utviklingsfond
<b>Eigarar</b>	Oppland fylkeskommune saman med kommunane i Oppland

## Nord Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS

<b>Vedtektfesta føremål</b>	<p>Sørgje for ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarlig avfallsdisponering i medlemskommunane. Selskapet kan etablere, eie/leie og drive behandlingsanlegg for avfall i dei kommunane som deltek etter de konsesjonsvilkåra som gjeld. Selskapet kan ta på seg ansvar for innsamling, transport og behandling av alle typar avfall i høve til forureiningslova med føresegnar, og om nødvendig eige transportutstyr for dette. Selskapet skal i samarbeid med medlemskommunane fremme bevisste holdningar til ressursbruk i samfunnet, gjennom å leggje til rette for avfallsreduksjon, ombruk, kildesortering og gjenvinning av ulike typar avfall. Etter oppmoding frå ein eller fleire kommunar, kan selskapet ta på seg nye oppgåver som det er naturleg å utføre. Selskapet kan gå inn i andre føretak med eigarandelar og avgrensa ansvar, når dette fremmar selskapets føremål. Selskapet kan overlate deler av renovasjonen til medlemskommunane eller andre.</p>
<b>Verksemd/art/bransje</b>	Inntransport og kommunal renovasjon og behandling av husholdnings- og næringsavfall.
<b>Eigarar</b>	Lom, Skjåk, Vågå, Sel, Dovre og Lesja kommunar. Bjørn Vike med vararepresentant Anette Bergheim i styret. Ordførar med varaordførar som vara i representantskapet.

## Kommunal Landspensjonskasse

<b>Vedtektfesta føremål</b>	<p>Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og anna verksemd som er tillata for livsforsikringsselskap, herunder verksemd som er tillata for livsforsikringsselskap, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.</p>
<b>Verksemd/art/bransje</b>	<p>Selskapets formål er å ivareta medlemmenes behov for livs- og pensjonsforsikringer. Det kan herunder, selv eller gjennom datterselskaper, drive enhver virksomhet som er tillatt for livsforsikringselskaper. Selskapet kan drive virksomhet som naturlig henger sammen med livsforsikringsvirksomhet, og det kan eie andre forsikringselskaper og selskaper som driver pensjons- og forsikringservice. KLP kan gi konsernbidrag til sine datterselskaper. Selskapet kan forestå administrasjon og forvaltning av kommunale pensjonskasser og pensjonsordningar etablert på grunnlag av tariffavtaler eller overenskomst mellom partene i lønnsoppgjør som gjelder selskapets forsikringstakere. Videre kan selskapet på grunnlag av avtale med Staten administrere og forvalte pensjonsordningar etablert ved lov og det kan administrere Norsk Pasientskadeerstatning.</p>
<b>Eigarar</b>	Kommunal landspensjonskasse er eigd av kommunane.

## 2.5 Uformelle samarbeid. Rådmannsutvalet og 6k samarbeida

Lom kommune har saman med Norddalskommunane etablert eit omfattande samarbeid kor styringsrammene ikkje er formalisert i lov. Desse samarbeida er ikkje skipa gjennom politiske vedtak og kjem heller ikkje fram av organisasjonskart eller liknande. Administrasjonssjefane i Nord-Gudbrandsdalen har skipa rådmannsutvalet som sjølv har definert seg som eit uformelt samarbeid. Utvalet er sett saman av regionsjefen og dei seks administrasjonssjefane.

### Diverse 6k-samarbeid

- 6k Personal
- 6k Plan
- 6k Barnehage
- 6k Helse
- 6k Skule (fungerer òg som fagrad/samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdal PPT)
- 6k økonomi
- 6k beredskap
- Fagråd for innkjøpssamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen

### Føremål

- Samarbeidsforum for leiarane i dei ulike fagetatane
- Kompetanseoverføring gjennom erfaringsutveksling
- Tar initiativ mot rådmannsnivået når fagleiarane ser behov for samarbeidsløysingar
- Koordinering og implementering


### Rapportering

- Ikkje formaliserte rapporteringsrutinar
- Leiarane rapporterer til sine rådmenn
- Til rådmannsutval
- Til regionsjef

### Referansar:

- Kommunenes sentralforbund: *Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*
- Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon: *Regionale samarbeid – Har politikerane styringa?*
- Kommunal- og regionaldepartementet, veileder: *Vertskommunemodellen i kommuneloven § 28 a flg.*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Ot.prp. nr. 95 (2005-2006): Om lov om endringar i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (interkommunalt samarbeid)*





# Lom

## Eigarskapsmelding Lom kommune 2018



Lom  
nasjonalpark-  
landsby

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Epost: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)  
[lom.kommune.no](http://lom.kommune.no)

21.6.2018